

Fra: Fredrik Arnesen <fmhofra@fylkesmannen.no> på vegne av
Fylkesmannen i Hordaland <fmho@cim-products.no>
Sendt: 30. juli 2014 13:16
Til: Postmottak Lindås
Emne: Angående trusselsituasjonen - rapportering til Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post av 24. juli der vi ba om rapportering frå kommunane angående den auka terrortrusselen som framkom den 23. juli.

Vi fekk rapportar frå alle 33 kommunane i Hordaland samt frå Hordaland fylkeskommune innan fristen den 25. juli, og vi er svært nøgd med rapporteringa frå alle.

Trusselbiletet er som kjent gjennom media endra noko dei siste dagane. Vi ber om at kommunane fortsatt vurderer eigen beredskap og bemanning framover i lys av politiets løpande vurderingar.

Dersom kommunane sett i verk tiltak, eller det kjem fram andre forhold knytt til denne situasjonen som fylkesmannen bør være orientert om, kan det rapporterast på e-post til oss på:

fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Fylkesmannen i Hordaland rapporterer dagleg (ved behov) til DSB og Helsedirektoratet innan kl. 11.00.

Med vennleg helsing Fylkesmannen i Hordaland